

Endeleg vart det skirenn!!

06.02.2020



Flotte forhold og ein idyllisk kveld i Fjellhaugen.

Vergudane har slett ikkje vore på skientusiastane si side denne vinteren. Regnet og mildveret har gjort det umogeleg å arrangera skirenn, og dermed har dei første lokale renna på terminlista blitt avlyst. Tysdag kveld var det endeleg klart for renn, og då kunne det skje i nydeleg vinterver med flotte løypeforhold. Skigruppa i Uskedal IL var arrangør.



I dei flotte løypene var det full fart frå start.

Kvelden og natta i førevegen kom det 20-30 cm med nysnø, og etter framifrå jobb med løypeprepareringa av Olav Gunnar Hjelmeland, var det nær ideelle forhold for rennet. I tillegg var det vel den finaste vinterkvelden til no i år. Ramma var dermed perfekt, og det fortente verkeleg dei driftige arrangørane som heiv seg rundt og inviterte til renn då dei såg at verutsiktene kunne gi ein mulighet for renn.

Mangeårig eldsjel i langrennsmiljøet i Kvinnherad, Knut Johannes Ripel, kan fortelja at ein må tilbake til 2013 for å finna ein sesong då første rennet har blitt arrangert så seint på vinteren. Då vart det første av fire renn arrangert 17.februar.

Rennet var gjekk i fri teknikk med løpelengder fra 830 meter til 5 km, og det vart ei kjekk oppleving for deltakarane som kom frå Rosendal, Omvikdalen og Ternen i tillegg til arrangørklubben. Rundt 40 deltok med tidsaking. I tillegg kom dei som var med i barneskirenn og trimklasse. Alle fekk seg ein fin kveld i skianlegget i Fjellhaugen.

Arrangørane kom flott frå arrangementet og fekk ros for det. Mellom anna skreiv Øyvind Utne på Facebook: 'Godt gjennomført renn av Uskedalen IL. Ein fin gjeng med vaksne og barn som dreg lasset ilag. Utan Uskedalen hadde det vore tynt i rekken. Så vi andre må stå på for å bli lika gode.'

Ein velfortent og raus ros som og fortel om det gode samarbeidet og samhaldet mellom dei som driv denne aktiviteten i dei ulike laga her i kommunen. Dei dreg lasset i lag for at tilbodet skal bli best mogeleg.

Vi får håpa at det vert fleire velluka renn i lokalmiljøet denne vinteren. Kvinnheradsløparane han som kjent gjort det svært godt når dei har vore ute og representert denne sesongen.

Meir om rennet og resultatliste finn de på [UIL si heimeside](#).

Foto: Privat

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

